

Handlingsprogram for 2017.

Premiss: Kultur. Regional plan for Kultur 2015-2025.

Tiltak med 1. prioritet

5.1 Endringar i busetnad og infrastruktur

1. Innsatsområde arkitektur: Urbanisering, stadutvikling, bygningar og landskap

Tiltak B	Styrke regionalt samarbeid og kompetansebygging innan stadutforming og arkitektur
Ansvar	HFK/ Kultur- og idrettsavdelinga, Regionalavdelinga
Aktuelle aktørar/partnarar	UiB, BAS, KHiB, kommunane, Bergen arkitektforening, NLA, Hordaland kunstsentra, Husbanken, byggenæringa
Kritiske suksessfaktorar	Internt samarbeid om tiltak må på plass.
Tid	2015-2018
Status	Strategi for samarbeid på tvers internt og eksternt gjennom plankonferanse og andre planfaglege nettverk må etablerast. Tettstadsgruppe er etablert. Tiltaket kan sjåast i samanheng med tiltak 1F. Vert å kome attende til i 2018.
Finansiering	Bruk av ressursar i administrasjonen
Tiltak E	Utarbeide regional plan for landskap, grønstruktur og friluftsområde i Hordaland
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavdelinga, Regionalavd
Aktuelle aktørar/partnarar	Friluftsråda og FNF
Kritiske suksessfaktorar	
Tid	2015-2018
Status	Regional plan for areal, natur og kulturminneressurser er del av planstrategien for 2016-2020
Finansiering	Bruk av ressursar i administrasjonen
Tiltak F	Utvikle offentlege byggeprosjekt som førebilete for god arkitektur
Ansvar	Staten, HFK, kommunane
Aktuelle aktørar/partnarar	Offentlege byggherrar, kommunane
Kritiske suksessfaktorar	
Tid	2015-2018
Status	Her må det etablerast strategi for korleis tiltaket skal utførast. Står i samanheng med tiltak 1B. Ikkje prioritert i 2017, vert å kome attende til.
Finansiering	

Tiltak G	Styrke satsing på kunst i landskap og utvide ordninga for Kunst i offentlege rom
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavdelinga, Regionalavdelinga, Samferdselsavdelinga
Aktuelle aktørar/partnarar	Kommunane, KORO, Hordaland kunstsenter, Kulturdep, Samferdselsdep, Statens vegvesen – Region Vest, Fylkesmannen i Hordaland
Kritiske suksessfaktorar	Involvere statens vegvesen
Tid	2015-2018
Status	Har gitt tilskot til prosjekt kunst i landskap. Pågåande satsing knytt til bygg og bybane. Gitt tilskot til prosjektstilling for utvikling av kunst i offentlige rom
Finansiering	

2. innsatsområde: Arenautvikling – infrastruktur

Tiltak C	Legge til rette for trygge gang- og sykkelveggar frå heim til skule, arbeid og fritidsaktivitetar
Ansvar	Kommunar, HFK, Statens Vegvesen, Samferdselsavd
Aktuelle aktørar/partnarar	HFK/Kultur- og idrettsavd, opplæringsavd, økonomiavd, kommunane
Kritiske suksessfaktorar	
Tid	2015-2018
Status	Jf. Regional transportplan for Hordaland 2013-2014 (Handlingsplan for trafikkisikring 2014-2017). Alle barn sykler - tilskot til prosjekt, for kommuneplanar på høyring legg ein vekt på trygge gang- og sykkelveggar
Finansiering	Tilskotsordninga Prosjekt knytt til folkehelse/sykkelvanar for barn og unge: 500 000 kr

Tiltak E	Oppgradere eksisterande kulturbygg i lokalsamfunnet
Ansvar	Kommunane, HFK/Kultur- og idrettsavdelinga
Aktuelle aktørar/partnarar	Lag og organisasjonar
Kritiske suksessfaktorar	Tilgjengelege midlar og auke i midlar. Desse tilskotsordningane har fått reduserte rammer dei siste åra. Dette vil redusere handlingsrom og talet på framtidige prosjekt.
Tid	2015-2018
Status	Sjå tiltak 29 a, og 17 b. Pågåande
Finansiering	I fylkesrådmannen sitt budsjettforslag for 2017 er samla tilskot til kulturbygg redusert med 5 mill. kr. til 9,5 mill. kr.

Tiltak F	Delta i nasjonale prosjekt med tilrettelegging av friluftsliv og kulturminne
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavd
Aktuelle aktører/partnarar	Kommunane, Gjensidigestiftinga, lag og organisasjonar, fylkeskommunane, Miljødirektoratet, Den norske kyrkja, Riksantikvaren
Kritiske suksessfaktorar	Politisk prioritering av slike prosjekt og lokal forankring
Tid	2015-2018
Status	Pågåande prosjekt
Finansiering	Turskiltprosjektet: 770 000 kr, verdiskapingsprosjektet Kystpilegrimsleia: 200 000 kr

5.2 Formidling og deltaking

3. Innsatsområde: demokrati og kulturkritikk

Tiltak A	Bidra til å utvikle og støtte arenaer og miljø som fremjar kritisk tenking
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavd
Aktuelle aktører/partnarar	FoU-miljøa, Litteraturhuset, Studentersamfunnet, media og relevante kunst- og kulturinstitusjonar, UiB, BAS, KHIB, kommunane, media, Galleri 3.14, Hordaland Kunstsenter, HFK/Opplæringsavdelinga
Kritiske suksessfaktorar	Midlar til å støtte opp under drift og aktivitetar
Tid	2015-2018
Status	Sjå tiltak 30 a og 30 b. Tiltak innan dette vert prioritert i ulike tilskotsordningar.
Finansiering	Driftstilskot til institusjonar som fremjar kritisk tenking og prosjektilskot til enkelttiltak.

Tiltak B	Utvikle samarbeid mellom kulturlivet, FoU og Media City Bergen
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavd, opplæringsavd, regionalavd
Aktuelle aktører/partnarar	FoU-miljøa, kulturlivet, Media City Bergen
Kritiske suksessfaktorar	Det må utviklast ein strategi internt for korleis dette tiltaket skal arbeidast med.
Tid	2015-2018
Status	Tiltaket er ikkje prioritert i 2017. Vert å kome attende til.
Finansiering	

4. Innsatsområde: Digital allmenning

Tiltak A	Ta i bruk og utvikle digitale løysingar til, involvering og deltaking i kulturlivet
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavdelinga
Aktuelle aktører/partnarar	Kommunane, frivillige organisasjonar, kulturlivet, UiB, kulturinstitusjonar, musea, bibliotek, arkiv, Kulturrådet, fylkeskommunane på Vestlandet, friluftsråd, Miljødirektoratet, Kulturdepartementet m.fl
Kritiske suksessfaktorar	Samkøyre løysingar, bruke og utvikle vidare nasjonale plattformer. Ha tilgjengelege midlar regionalt og nasjonalt. Gode nasjonale løysingar og rammer.
Tid	2015-2018
Status	Sjå forslag til satsingar i budsjett for 2017: eDepot og innsyn i elektroniske arkiv og sak-/arkivløysing.
Finansiering	Bruk av ressursar i administrasjonen

5. Innsatsområde: Inkludering

Tiltak A	Styrke mangfoldet i aktivitet og deltaking for grupper som treng særskild tilrettelegging
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavdelinga (mange andre aktørar kan vere ansvarlege for dette tiltaket)
Aktuelle aktørar/partnarar	Kommunane, relevante representative organ, Den norske kyrkja og andre trussamfunn, kulturinstitusjonane, frivillige organisasjonar
Kritiske suksessfaktorar	Få til gode møtearenaer der ein kan etablere mål for satsinga
Tid	2015-2018
Status	Dette er ei prioritert oppgåve i 2017.
Finansiering	Bruk av ressursar i administrasjonen.

Tiltak B	Tilrettelegge informasjon for ulike brukargrupper
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavdelinga (mange andre aktørar kan vere ansvarlege for dette tiltaket)
Aktuelle aktørar/partnarar	Kommunane, relevante representative organ, frivillige organisasjonar, kulturlivet
Kritiske suksessfaktorar	Samordne informasjon
Tid	2015-2018
Status	Nye nettsider som er retta inn mot ulike brukargrupper, handlingsplan for likeverd, inkludering og likestilling i HFK er under arbeid. Innsatsområde er prioritert i 2017.
Finansiering	Bruk av ressursar i administrasjonen.

6. Innsatsområde: Nynorsk kulturstrategi

Tiltak A	Utvikle pilotprosjekt for nynorsk formidling i vidaregåande skule
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavdelinga, Opplæringsavd
Aktuelle aktørar/partnarar	Nynorsk Kultursentrum, profilerte nynorskbrukarar, forfattarar, unge nynorskbrukarar (ressursgruppe), biblioteka
Kritiske suksessfaktorar	
Tid	2015-2016
Status	Eit leseformidlingsprosjekt blir igangsett i 2017.
Finansiering	

Tiltak B	Auke andelen av nynorskproduksjonar i kunst- og kulturformidlinga i skulen
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavdelinga
Aktuelle aktørar/partnarar	Kommunane, kulturinstitusjonane
Kritiske suksessfaktorar	Avhenger av kva som vert tilbydd/innsøkt frå kunstnarar
Tid	2015-2018
Status	Kontinuerleg fokus i prosessen med val av produksjonar.
Finansiering	Ikkje behov for ekstra finansiering

Tiltak C	Styrke Hordaland Teater som kunstinstitusjon og nynorskarena
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavdelinga
Aktuelle aktørar/partnarar	Kulturdepartementet
Kritiske suksessfaktorar	
Tid	2015-2018
Status	Pågåande oppgåve. HFK har løyvd midlar til etablering av teateret i sentrum. Det er etablert i Logen teater frå 2016. Dette er eit prioritert tiltak i 2017.
Finansiering	Auke i driftsstøtta til Hordaland Teater på 600 000 kr.

5.3 Verdiskaping

7. Innsatsområde: Frivilligheit

Tiltak A	Utvikle møteplassar og samarbeidsmodellar der frivillige organisasjonar kan auke kompetansen, utvikle nettverk og samarbeide med offentleg sektor
Ansvar	HFK/kultur- og idrettsavdelinga, kommunane
Aktuelle aktørar/partnarar	Kommunane/Frivilligsentralar, frivillige organisasjonar, amatørkulturråd, musea
Kritiske suksessfaktorar	Lokal forankring, gode tilbod som gir kompetanseheving føreset også økonomiske ressursar. Samle erfaringar for å sjå kva kva som er behovet og tiltak med god overføringsverdi
Tid	2015-2018
Status	Fleire prosjekt og tilskotsordningar har samarbeid mellom frivillige og profesjonelle. Dette er ei satsing i KUP 2016-2018. Sjå også tiltak 24 a og 25 d.
Finansiering	Mellom anna gjennom tilskotsordninga Kulturelt utviklingsprogram (6,5 mill. kr). Fleire frivillige organisasjonar er inne på driftsbudsjettet.

Tiltak B	Prøve ut modellar med auka profesjonell tilrettelegging av frivillig arbeid innan kultur og idrettsfeltet
Ansvar	HFK/kultur- og idrettsavdelinga
Aktuelle aktørar/partnarar	Kommunane, HiB, UiB, frivillige organisasjonar, Helse Bergen, musea
Kritiske suksessfaktorar	
Tid	2015-2018
Status	Det er ikkje systematisk utprøving av modellar for profesjonalisering av idrettslag. Dette er ikkje eit prioritert tiltak i 2017. Vert å kome attende til.
Finansiering	

8. Innsatsområde: Kulturbasert næringsutvikling/kulturnæringar

Tiltak B	Samordne næringspolitiske og kulturpolitiske verkemiddel og støtteordningar
Ansvar	HFK/ Kultur- og idrettsavdelinga, Regionalavdelinga
Aktuelle aktørar/partnarar	Innovasjon Norge, Business region Bergen, regionale næringsråd
Kritiske suksessfaktorar	Tiltaket krev systematisk dialog mellom næringspolitiske og kulturpolitiske aktørar
Tid	2015
Status	Gjennomføringsperiode må utvidast til 2017-2018.
Finansiering	Bruk av administrative ressursar
Tiltak D	Støtte produksjons- og formidlingsmiljø for film på Vestlandet
Ansvar	HFK, Kultur- og idrettsavdelinga
Aktuelle aktørar/partnarar	Fylkeskommunane på Vestlandet, Vestnorsk filmsenter, Filmfondet FUZZ, Norsk filminstitutt
Kritiske suksessfaktorar	
Tid	2015-2018
Status	Delmål oppnådd med mellom anna Vestnorsk filmmelding.
Finansiering	I budsjett for 2017 forslag om auke i støtte til Cinemateket.
Tiltak E	Utarbeide retningslinjer for fylkeskommunal støtte til festivalar og store kultur- og idrettsarrangement i Hordaland
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavdelinga, Regionalavdelinga
Aktuelle aktørar/partnarar	Kommunane, næringsråd
Kritiske suksessfaktorar	
Tid	2015-2016
Status	Tiltaket er ikkje systematisk gjennomført. Tiltaket vert prioritert i 2017
Finansiering	Bruk av administrative ressursar
Tiltak G	Styrke kulturminnevernet som grunnlag for verdiskaping
Ansvar	HFK, Kultur- og idrettsavdelinga, regionalavd
Aktuelle aktørar/partnarar	Kommunane, privat sektor, reiselivet, musea
Kritiske suksessfaktorar	Sikre drift ut over evt. prosjektperiode, god forankring og kunnskap om kulturminne, god kommunikasjon mellom forvalting og private.
Tid	2015-2018
Status	Pågåande. Alle kommunar i Hordaland er i gang med kulturminneplanar. Kystpilegrimsleia har fått fylkeskommunale midlar. Både prosjekta skal fortsette i 2017. Kan sjåast i samanheng med styrking av bygningsvernkonsulentordninga tiltak 20B.
Finansiering	Kystpilegrimsleia 200 000 kr for 2017. Administrative ressursar.

5.4 Samordning og samhandling

9. Innsatsområde: Samhandling mellom forvaltningsnivåa

Tiltak A	Årlege drøftingsmøte om budsjett- og forvaltningsspørsmål mellom stat, fylkeskommune og aktuelle kommunar
Ansvar	HFK
Aktuelle aktørar/partnarar	Staten, kommunane
Kritiske suksessfaktorar	
Tid	2015-2018
Status	Utarbeidast heilskapleg strategi for korleis ein kan femne om alle fagområda systematisk. Delvis gjennomført for dei einskilde fagområda - men på ulike nivå. Tiltaket må utviklast i løpet av 2017.
Finansiering	Bruk av administrative ressursar
<hr/>	
Tiltak B	Utvikle tenelege plattformer for dialog, nettverk, samarbeid og kompetanse
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavdelinga
Aktuelle aktørar/partnarar	Kommunane, frivillige lag og organisasjonar, kulturinstitusjonar, FoU-miljø
Kritiske suksessfaktorar	Ei utfordring er å få større samhandling med FoU-miljø.
Tid	2015-2018
Status	Pågåande Idrettscampus-samarbeid frå 2016 med fylkeskommunal løyving er eit godt døme på ein slik plattform. Dialogmøte med kultur- og idrettsfeltet og kulturkonferansen er etablerte tiltak. Vi har støtta fleire andre gode plattformer: NCE-media.
Finansiering	Bruk av administrative ressursar. Idrettscampus Bergen 100 000 kr.
<hr/>	
Tiltak C	Fremje samordning av statlege, regionale og kommunale verkemiddel
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavdelinga, Regionalavd.
Aktuelle aktørar/partnarar	Kommunane, departementa og direktorata
Kritiske suksessfaktorar	Meir dialog med statleg og kommunal tilskotsforvaltning og moglege felles prioriteringar.
Tid	2015-2018
Status	Så langt har ein hatt gjennomgang og endringar av regionale tilskotsordningar. Pågåande
Finansiering	Tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy: 500 000 kr frå fylkeskommunen, 500 000 kr frå stat i 2017, bruk av administrative ressursar.

10. Innsatsområde: Samhandling mellom private og offentlege aktørar

Tiltak A	Vidareutvikle dialog mellom private og offentlege aktørar om samhandling og finansiering
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavdelinga, regionalavdelinga
Aktuelle aktørar/partnarar	Private aktørar, frivillige lag, institusjonar, kommunar, kyrkjelege miljø, stiftingar, fond
Kritiske suksessfaktorar	Etablere møteplass, etablerte strategi
Tid	2015-2018
Status	Dette er statleg prioritert i inneverande Stortingsperiode. Pågåande.
Finansiering	Bruk av administrative ressursar

11. Kulturregion Vestlandet

Tiltak A	Utvikle fellesprosjekt og kulturstrategi for Vestlandet
Ansvar	Vestlandsrådet, fylkeskommunane
Aktuelle aktørar/partnarar	Vestlandsrådet, fylkeskommunane, aktørar frå kulturfeltet
Kritiske suksessfaktorar	Arbeidsmetode og prosess er avhengig av vedtak og føringar regionalt og nasjonalt.
Tid	2015-2018
Status	Dette vert ei prioritert oppgåve i 2017.
Finansiering	Bruk av administrative ressursar

Tiltak B	Fremje regionalisering av statlege kulturmidlar
Ansvar	Vestlandsrådet, fylkeskommunane
Aktuelle aktørar/partnarar	Vestlandsrådet, fylkeskommunane, Hordalandsbenken på Stortinget, aktørar frå kultur- og idrettsfeltet
Kritiske suksessfaktorar	Vedtak og føringar i regionaliseringsprosessen
Tid	2015-2018
Status	Gir svar på høyringar, St. meld 22 legg ma. opp til regionalisering av Riksantikvarens midlar, gir innspel i regionsprosessen. Dette vert ei prioritert oppgåve i 2017. Sjøast i samheng med tiltak 11 A.
Finansiering	Bruk av administrative ressursar

12. Innsatsområde: Internasjonalisering

Tiltak A	Fremje kultursamarbeid med utvalde regionar i Europa
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavd/Regionalavd
Aktuelle aktørar/partnarar	Kommunane, FoU-miljø, kultur- og idrettsaktørar, Vestlandsfylka
Kritiske suksessfaktorar	
Tid	2015-2018
Status	Her følgjer ein satsingar med dei etablerte samarbeidsregionane: Basse-Normandie og Skottland. Pågåande
Finansiering	Juleprosjekt Orknøyane og Edinburgh: 180 000 kr, Kulturavtale Basse Normandie: 214 000 kr

Internasjonalt kultursamarbeid: 183 600

Tiltak B	Støtte internasjonalt samarbeid og utveksling av kulturaktører og kunstnarar
Ansvar	HFK/ Kultur- og idrettsavd
Aktuelle aktører/partnarar	Kommunane, FoU-miljø, kulturaktører, gjestekunstnarordningar
Kritiske suksessfaktorar	
Tid	2015-2018
Status	Tiltaket tek sikte på å støtte initiativ frå kulturlivet sjølv, uavhengig av samarbeidsregionar. Tidlegare 27E inngår i tiltaket. Det har vore løyvd KUP-midlar over tre år til Galleri 3,14 si gjestekunstnarordning Circulating Air. Gjestekunstnarordninga som organiserast av Hordaland kunstsentert vert ført vidare i 2017. Det er auka løyving til kunstnarhuset Messen i Ålvik, og utvekslingsordninga med Normandie vert vidareført. Arrangere internasjonal bibliotekkonferanse i samarbeid med Bergen Off. Bibliotek i 2017.
Finansiering	Tilskotsordningar innan det profesjonelle feltet, tilskot over budsjett til gjestekunstnarordninga på Hordaland kunstsentert, og midlar frå budsjettposten <i>Kulturavtale Basse Normandie</i> .

Tiltak C	Informere og rettleie om internasjonale program og støtteordningar
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavd, regionalavd, Vestnorges Brusselkontor, Kulturrådet
Aktuelle aktører/partnarar	Kommunane, UiB
Kritiske suksessfaktorar	
Tid	2015-2018
Status	Pågåande. Kultur- og idrettsavd arbeider som eit bindeledd mellom ulike nasjonale, regionale og lokale aktører. HFK skal m.a. vere medarrangør for internasjonaliseringskonferanse i samarbeid med NOKU i 2017.
Finansiering	Bruk av administrative ressursar

13. Innsatsområde: Verkemiddel og støtteordningar

Tiltak C	Styrke og vidareutvikle kulturelt utviklingsprogram som kulturpolitisk verkemiddel
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavd
Aktuelle aktører/partnarar	Kunst- og kulturaktører, kommunane, FoU-miljøet
Kritiske suksessfaktorar	Dette føreset fortsatt auke i løyving til programmet.
Tid	2015-2018
Status	KUP er revidert og knytt tettare opp mot kulturplanen. Idrett- og friluftsliv er innlemma i ordninga. Dette har ført til ei styrking med 500 000 frå 2016. Sjå også tiltak 4A.
Finansiering	Kulturelt utviklingsprogram: 6,5 mill. kr i 2017

14. Innsatsområde: Kompetanse

Tiltak A	Etablere forskingssamarbeid mellom kulturforvaltning, FoU-miljøa, kulturinstitusjonar og -organisasjonar
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavd, regionalavd
Aktuelle aktørar/partnarar	Universitet og høgskular, institusjonar og organisasjonar innan kultur og idrett
Kritiske suksessfaktorar	Definere mål for tiltaket.
Tid	2015-2018
Status	Her må ein legge fram plan for prosess og mål i løpet av 2018. Vert ikkje prioritert i 2017.
Finansiering	
Tiltak B	Dokumentere og formidle status for kulturfeltet i Hordaland
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavdelinga, regionalavd
Aktuelle aktørar/partnarar	Kommunane, FoU-miljøa, frivillige organisasjonar
Kritiske suksessfaktorar	At det vert sett av tid og ressursar i avdelinga for å gjennomføre arbeidet. At talmateriale er tilgjengeleg, relevant og oppdatert for brukarane.
Tid	2015-2018
Status	Det er satt ned ei gruppe som skal arbeide med statistikk og presentasjon av kulturfeltet i Hordaland: Kultur i Hordaland i tal. Etter planen skal dette arbeidet vere ferdig hausten 2017. Arbeidet er prioritert i 2017.
Finansiering	Bruk av administrative ressursar. 300 000 kr til evaluering av bygningsvernkonsulentordninga i 2017 (fondsmidlar)
Tiltak C	Stimulere til kompetanseutvikling innanfor offentleg kulturforvaltning og innan kultur-, idrett- og friluftslivsektoren
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavd
Aktuelle aktørar/partnarar	Kulturlivet, SIU, Helse Bergen, kommunane, FOU-miljøa, Hordaland idrettskrets og Olympiatoppen Vest Norge, avd. Hordaland, Universitet og Høgskolesektor
Kritiske suksessfaktorar	At vi samarbeider med aktuelle fagmiljø og aktørar.
Tid	2015-2018
Status	Dette er ei basisoppgåve for fylkeskommunen som regional utviklar.
Finansiering	Bruk av administrative ressursar.

5.5 Kulturminnevern og museum

15. Innsatsområde: Dokumentasjon

Tiltak A	Utarbeide retningslinjer, gjere tilgjengeleg og formidle dokumentasjon av kulturminne
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavdelinga
Aktuelle aktørar/partnarar	Kommunane, Fylkesmannen, UiB, Riksantikvaren
Kritiske suksessfaktorar	Økonomi og teknologi
Tid	2015-2018
Status	Sjå tiltak 24 a og 25 c. Utarbeide prosjekt om digital

	formidling av kulturminne.
Finansiering	Bruk av administrative ressursar. Kulturminneplanar i kommunane: 1 mill. kr

Tiltak C	Fullføre lokale kulturminneregistreringar
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavdelinga, kommunane
Aktuelle aktørar/partnarar	Riksantikvaren
Kritiske suksessfaktorar	
Tid	2015-2018
Status	Dette arbeidet vert gjort som del av kulturminneplanarbeidet i kommunane. Pågåande også i 2017. Arbeid med oppdatering av den nasjonale databasen Askeladden både med omsyn til arkeologi og nyare tid.
Finansiering	Bruk av administrative ressursar

16. Innsatsområde: Museumsloft

Tiltak A	Styrke musea i høve drift og investering
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavdelinga
Aktuelle aktørar/partnarar	Staten, kommunane, private
Kritiske suksessfaktorar	Få gjennomslag for auke i driftsbudsjett frå dei ulike forvaltingsnivåa og tilskotsordningar som støttar opp under musea sine satsingar.
Tid	2015-2018
Status	Museumssektoren er prioritert på budsjettet for kulturavdelinga. Innsatsområde 16 er ei prioritert oppgåve i 2017.
Finansiering	Lønns- og prisvekst for musea på budsjettet i 2017. Bruk av administrative ressursar, dei ulike regionale tilskotsordningane

Tiltak B	Vidareføre satsing på tematiske og regionale ansvarsmuseum og hovudtema i Regional plan for museum 2011-2015
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavdelinga
Aktuelle aktørar/partnarar	Kommunane, musea, Norsk kulturråd, Kulturdepartementet
Kritiske suksessfaktorar	Gode prosjektsøknader og satsingar frå musea
Tid	2015-2018
Status	Styrke temaet krigs- og okkupasjonshistorie gjennom auke i driftstilskot til Museum Vest. Tiltak 20 B styrking av bygningsverntenesta må sjåast i samheng med musea si regionale rolle. Prioritert oppgåve for 2017.
Finansiering	Museumsloft 2017 2 mill. kr

Tiltak D	Styrke Bevaringstenestene og musea si samlingsforvaltning
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavdelinga
Aktuelle aktørar/partnarar	Kommunane, musea profesjonelle kunstfeltet
Kritiske suksessfaktorar	Gode prosjektsøknader frå musea til tilskotsordninga "Museumsloft 2017"
Tid	2015-2018
Status	Styrking av Bevaringstenestene og musea si samlingsforvaltning har vore og er eit prioritert tiltak. Til dette tiltaket høyrer også arbeidet med nytt

	fellesmagasin. Her har ein fått midlar til utgreiing frå Museumsløft 2016. Resultatet skal ligge føre før jul 2017. Sjå PS 133/2016 og PS 144/2016. Tiltaket er prioritert i 2017.
Finansiering	Museumsløft 2017 2. mill. kr.

Tiltak E	Evaluering av museumsreforma i Hordaland
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavdelinga
Aktuelle aktørar/partnarar	Kommunane, musea
Kritiske suksessfaktorar	Aktiv deltaking frå aktørane som får tilsendt spørreskjema frå leverandør.
Tid	2015-2016
Status	Pågåande. Anbudsdokument er utarbeidd og utlyst. Ferdig rapport skal etter planen ligge føre i mai 2017. Den skal deretter handsamast politisk. Dette vert eit omfattande arbeid for administrasjonen i HFK, musea i Hordaland vinter/vår 2017. Evalueringa vil også involvere kommunale samlingar.
Finansiering	Tidlegare løyving på 400 000 kr, sjå PS 20/2015.

Tiltak F	Etablere faste samarbeidsordningar mellom musea og skulane
Ansvar	Musea, HFK/kultur- og idrettsavdelinga, Opplæringsavdelinga, kommunane
Aktuelle aktørar/partnarar	Staten
Kritiske suksessfaktorar	At dei ulike partane let seg engasjere.
Tid	2015-2018
Status	Tiltaket vert å kome attende til i handlingsprogrammet for 2018.
Finansiering	

17. Innsatsområde: Kulturminne som ressurs

Tiltak A	Utarbeide planar for skjøtsel og formidling av prioriterte kulturminne i alle kommunar
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavdelinga
Aktuelle aktørar/partnarar	Kommunane, dei regionale ansvarsmusea
Kritiske suksessfaktorar	Kommunane leverer inn gode søknader til BARK-ordninga. Kommunane følger opp tiltaksdelen i kulturminneplanane.
Tid	2015-2018
Status	Dette er pågåande arbeid gjennom BARK-ordninga. Skjøtsel og formidling er ofte sentrale tiltak i handlingsprogramma til dei lokale kulturminneplanane. Utarbeiding av forvaltingsplan for Havrå som grunnlag for skjøtelsesplan.
Finansiering	Tilskotsordninga BARK 204 000 kr i budsjettforslag 2017.

Tiltak B	Vidareutvikle kompetanse om vern gjennom bruk
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavdelinga
Aktuelle aktørar/partnarar	Kommunane, musea, næringaktørar
Kritiske suksessfaktorar	At filmene når ut til dei aktuelle brukargrupper. Dette føreset god informasjon om tiltaket.
Tid	2016-2018
Status	I 2017 skal det lagast film som formidler korleis forvalte verneverdige bygg. Filmene vert tilgjengeleg på nett. Utvikle bygningsvern-retteleiarar. HFK får ansvar for å etablere ei arbeidsgruppe med aktuelle aktørar/partnarar.

	Dette er ei prioritert oppgåve for 2017.
Finansiering	120 000 kr, løyvd i 2016, sjå PS 136/2016, bruk av administrative ressursar

Tiltak C	Etablere støtteordning for drift av verna fartøy
Ansvar	HFK, kommunar, stat
Aktuelle aktørar/partnarar	Kulturminnevern- og fartøyvernorganisasjonar
Kritiske suksessfaktorar	
Tid	2015-2018
Status	Tiltaket er pågåande og ei satsing frå fylkeskommune og stat.
Finansiering	Tilskotsordninga drift av verna fartøy har i budsjettforslag for 2017 auke frå 500 000 kr til 1 mill. kr. som følge av statleg medfinansiering

19. Innsatsområde: Verdsarv

Tiltak A	Etablere verdsarvråd på Bryggen
Ansvar	Klima- og miljødepartementet, Riksantikvaren, HFK, Bergen kommune
Aktuelle aktørar/partnarar	Museum Vest, Bymuseet i Bergen, eigarar, Bergen og Hordaland turlag
Kritiske suksessfaktorar	
Tid	2015-2018
Status	Arbeidet pågår. Gjennomføringsperioden har samanheng med innretning av statleg verdsarvpolitikk. Dette vert ei prioritert oppgåve i 2017.
Finansiering	Bruk av administrative ressursar.

Tiltak B	Etablere verdsarvsenter på Bryggen
Ansvar	Klima- og miljødepartementet, HFK, Bergen kommune
Aktuelle aktørar/partnarar	Museum Vest, Bymuseet i Bergen, Stiftelsen Bryggen, Bryggen Private gårdeierforening
Kritiske suksessfaktorar	
Tid	2015-2018
Status	Pågår. Museum Vest og Bymuseet i Bergen har fått 217 000 kr til utgreiing av forprosjekt om verdsarvsenter (sjå PS 5/2014). Ein vil i 2017 sjå korleis tiltaket skal førast vidare. Er eit prioritert tiltak i 2017.
Finansiering	Bruk av administrative ressursar.

Tiltak C	Utvikle samarbeid mellom internasjonale og nasjonale forskingsmiljø og verdsarvsentra
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavdelinga
Aktuelle aktørar/partnarar	Kommunane, FoU-miljøa, musea
Kritiske suksessfaktorar	
Tid	2015-2016
Status	Tiltaket er gjennomført med internasjonal konferanse på Bryggen hausten 2015. Kan sjåast i samanheng med tiltak 19 A.
Finansiering	Bruk av administrative ressursar

20. Innsatsområde: Lokalt kulturminnevern og museum

Tiltak A	Utarbeide kommunedelplanar for kulturminnevern
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavd, kommunane
Aktuelle aktørar/partnarar	Musea, Riksantikvaren, frivillige lag og organisasjonar
Kritiske suksessfaktorar	Kommunane må ha personell til å gjennomføre oppgåva. Planen må integrerast i kommuneplanen og dei vedtak som vert gjort.
Tid	2015-2018
Status	Pågåande prosjekt også i 2017. Alle kommunar i Hordaland er i gang eller har fullført arbeidet. Prioritert tiltak.
Finansiering	1 mill. kr til vidareføring av satsinga i 2017.

Tiltak B	Styrke ordninga med bygningsvernkonsulentar
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavdelinga
Aktuelle aktørar/partnarar	Kommunane, musea
Kritiske suksessfaktorar	Behov for harmonisering av ny og gamal ordning. Behov for å synleggjere dei samfunnsmessige verknadene av ordninga.
Tid	2015-2018
Status	Pågåande prosjekt. Etablere bygningsvernkonsulentnettverk. Gjennomføre ekstern evaluering av bygningsvernkonsulentordninga. Prioritert tiltak i 2017.
Finansiering	300 000 kr til evaluering (fondsmidlar).

21. Kulturminneforvaltning

Tiltak A	Prioritere oppdatering av kulturminnedatabasar og tilstandsregistrering av freda kulturminne
Ansvar	HFK, Universitetsmuseet i Bergen
Aktuelle aktørar/partnarar	Riksantikvaren
Kritiske suksessfaktorar	
Tid	2015-2018
Status	Pålagt arbeid med oppdatering av den nasjonale databasen Askeladden. Oppgåve frå Riksantikvaren.
Finansiering	Bruk av administrative ressursar

Tiltak B	Etablere regional tilsynsordning for freda kulturminne og oppfølging av eigarar
Ansvar	HFK, musea, Universitetsmuseet i Bergen
Aktuelle aktørar/partnarar	Kommunane
Kritiske suksessfaktorar	Frigjering av arbeidskapasitet
Tid	2015-2018
Status	Tilsyn kvart femte år for nyare tid. Tilsyn i vinterhalvåret for arkeologiske kulturminne frå vinteren 2017/2018. Mål: Tilsyn i samband med rullering av kommuneplanar. Prioritert oppgåve i 2017.
Finansiering	Bruk av administrative ressursar

Tiltak C	Prioritere tidleg og god dialog med kommunar og planfremjarar
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavd
Aktuelle aktørar/partnarar	Kommunane, planfremjarar
Kritiske suksessfaktorar	Ein er avhengig av tidleg og god dialog mellom partane. Avhengig av gode rutinar internt.
Tid	2015-2018
Status	Dette ligg i nye statlege føringar og blir gjennomført i samsvar med desse.
Finansiering	Bruk av administrative ressursar

Tiltak D	Utvikling av nye metodar for arkeologisk registrering
Ansvar	HFK, Universitetsmuseet i Bergen
Aktørar/partnarar	Kommunane, Riksantikvaren, Statens vegvesen, Norsk institutt for kulturminneforskning
Kritiske suksessfaktorar	Mangel på løyving til programvare og utstyr.
Tid	2015-2018
Status	Mangler løyving til Lidar-scanning. Sjå tiltak 21B. Tiltaket vert å kome attende til i 2018
Finansiering	Bruk av administrative ressursar.

22. Innsatsområde: Tradisjonsuttrykk

Tiltak A	Vidareføre satsinga på tradisjonsmusikk og -dans
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavdelinga, musea, Ole Bull akademiet, UiB
Aktørar/partnarar	Norsk Kulturskuleråd – Hordaland, organisasjonar, kommunar
Kritiske suksessfaktorar	
Tid	2015-2018
Status	Løyving på 450 000 kr. i 2016 frå Kulturelt Utviklingsprogram, folkedans i Hordaland, sjå PS 135/2016. Dette er eit prioritert tiltak i 2017.
Finansiering	300 000 kr til hardinfela.no og folkemusikkstipend på 100 000 kr i budsjettet

Tiltak B	Vidareutvikle tradisjonelle handverk
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavd
Aktørar/partnarar	Musea, byggebransjen, BAS, KHiB, tekstilbransjen, Noregs husflidslag, Economusée
Kritiske suksessfaktorar	
Tid	2017-2018
Status	Sjå også tiltak 22 C. Kurs i regi av bygningsvernkonsulentordninga.
Finansiering	Auke i driftstilskot til Oselvarverkstaden på 138 000 kr i 2017.

Tiltak C	Etablere bygningsvernssenter for etter- og vidareutdanning av handverkarar
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavd, Vestnorsk kulturakademi, musea
Aktørar/partnarar	Kommunane, Kulturdep, Klima- og miljødep, Kunnskapsdep
Kritiske suksessfaktorar	Korleis bygningsvernssenteret Hardanger og Voss kan utviklast og få føreseielege økonomiske rammer.
Tid	2015-2018
Status	Bygningsvernssenteret har økonomiske utfordringar
Finansiering	Bygningsvernssenteret må søkje aktuelle tilskotsordningar.

Tiltak D	Ivareta tekstilarven
Ansvar	HFK, musea, KHIB
Aktørar/partnarar	Husflidslag, bransjen, Economuseé, Vestnorsk kulturakademi
Kritiske suksessfaktorar	
Tid	2015-2018
Status	Vert å kome attende til i handlingsprogrammet for 2018
Finansiering	

Tiltak E	Ivareta tradisjonsuttrykk i kystkulturen
Ansvar	Musea
Aktørar/partnarar	Frivillige organisasjonar
Kritiske suksessfaktorar	
Tid	2015-2018
Status	Vert å kome attende til i handlingsprogrammet for 2018
Finansiering	

Tiltak F	Styrke vidaregåande opplæring i tradisjonshandverk
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavdelinga/Oplæringsavd
Aktørar/partnarar	Musea, bransjen
Kritiske suksessfaktorar	
Tid	2015-2018
Status	Vert å kome attende til i handlingsprogrammet for 2018
Finansiering	

5.6 Arkiv

23. Innsatsområde: Heilskapleg samfunnsdokumentasjon

Tiltak A	Samle inn og sikre arkiv som har stor kulturell, rettsleg, forsking- eller forvaltingsmessig verdi
Ansvar	HFK/Kultur- og idrettsavd
Aktørar/partnarar	HFK/organisasjonsavdelinga, Bergen Byarkiv, Fylkesarkivet Sogn og Fjordane, Interkommunal arkiv Hordaland, UiB, musea i Hordaland, Riksarkivet/Statsarkivet i Bergen, Senter for industriarkiv
Kritiske suksessfaktorar	
Tid	2015-2018

